



Fire på ein dag

Fjelltur i Vats med panoramautsikt



Turen går innom fire turmål i Vats: **Friarane, Brennesteg, Vardafjellet og Aksla.**

Ta turen når det måtte passa, men på vinterføre med snø og is kan det vera utfordrande. Terrenget er ikkje lageleg for å gå på ski. Det er godt merka sti heile vegen, med namneskilt og 4-tal på ein del av merkepinnane.

Om du startar i **Blikrabygda** eller **Gjerdedalen** er det traktorveg oppå til **Friarane**



Frå gamalt av var der ein ferdselsveg mellom desse to bygdelaga. På høgdedraget midtvegs ligg det nokre stor steinblokker som heiter **Friarane**. *Namnet har dei fått av di det blir fortalt at ei jente og ein gut treftest der. Dei vart sidan gifte.*

Vidare over **Låvene**, og opp urda. Den er spennande å klyva i, men godt tilrettelagt med tau til å halda seg i.

Høgdedraget frå **Litle-Tjort** mot **Brennesteg** er «spektaluert». Utsikt mot

Blikrabygda på den eine sida, og Gjerdedalen og Sandeidfjorden på den andre sida. Her må du gi deg god tid og nyta opplevinga.

Frå **Buskar** kan du, om du er sliten, gå ned til Blikra og avslutta turen. Men har du mot på meir er det berre å leggja i veg. Stien går innom **Himmelriks-hidleren**, Her kan det passa med ein matpause, særleg viss det er dårleg vèr. Merkepinnane fører deg vidare opp til **Vardafjellet**. Frå **Dumoskar** kan du ta ein avstikkar til toppen på **Aksla** (793 moh) som er høgaste punktet på turen. Her kan du sjå m.a. Utsira og Folgefonna. Frå Aksla må du gå eit lite stykke tilbake same vegen, og så ned skaret. Der er det bratt, men med god sikring.

Vidare nord til hytta på **Sletthaug**.

Frå Sletthaug er det traktorveg ned til **Aurdal**.

Du kan og starta i Aurdal, og avslutta i Blikrabygda eller Gjerdedalen.

Heile turen er 13,3 km, og tek om lag 4 – 6 timar. Den er merka med vanskegrad **raud**. Men du kan bryta av og gå deler av turen. Svært varierende natur.



Kart, høgdeprofil, bilete og omtale av turen finn du og på Vatsnett.com

God tur !